

SAK 02/20 ÅRSMELDING 2019

Saksopplysning

Årsmelding 2019 for Regionrådet for Hallingdal er lagt ved som eige vedlegg.

Regionrådet for Hallingdal handsama saka 29.5.2020, sak 29/20.

Innstilling frå Regionrådet:

Regionrådet for Hallingdal rår Hallingtinget til å godkjenne årsmeldinga til Regionrådet for Hallingdal for 2019.

Forslag til vedtak

Hallingtinget godkjenner årsmeldinga til Regionrådet for Hallingdal for 2019.


Ål 5.6.2020

Jan Olav Helling

Dagleg leiar

Vedlegg: Årsmelding 2019

ÅRSMELDING 2019



Regionrådet for
HALLINGDAL

Innhald

1.	VEDTEKTER.....	3
2.	FORMÅL	3
3.	ORGANISERING	3
4.	MØTER/SAKER.....	5
5.	EINSKILDE SAKER.....	6
5.1	Strategisk plan for Hallingdal	6
5.2	Viken - Hallingdal.....	6
5.3	Samferdsel.....	8
5.4	Livskvalitet.....	11
5.5	Norsk Reiselivsfagskole.....	12
5.6	Breiband Hallingdal	14
5.7	Hallinghelse	14
5.8	Hallingdal sjukestugu.....	15
5.9	Felles rettssenter for Hallingdal	16
5.10	Felles forliksråd.....	16
5.11	Barnehus, satelitt.....	17
5.12	Politikontakt.....	17
5.13	«Toppidrettsregion Hallingdal»	17
5.14	Hallingbussen.....	18
5.15	Rekruttering til Hallingdal	18
5.16	Kva skjer	20
5.17	Hallingdal ungdomsråd (HUR).....	20
5.18	Hallingdal Fotballklubb	20
5.19	Hallingabassadørar.....	21
5.20	Hyttemessa	21
5.21	Reiselivet.....	21
5.22	Partnerskapsavtale med Buskerud fylkeskommune	22
5.23	Skjønmidlar til omstillingstiltak.....	23
5.24	Fjellnettverket	23
6.	UTTALAR.....	24
7.	VERV.....	24
8.	PERSONELL.....	24
9.	ØKONOMI	24
10.	MOGELEGHEITAR OG UTFORDRINGAR.....	25

1. VEDTEKTER

Vedtektene til Regionrådet for Hallingdal vart revidert i 2012, med handsaming på Hallingtinget 26.10.2012.

2. FORMÅL

Regionrådet for Hallingdal skal vere eit samarbeids- og interesseorgan for kommunane i Hallingdal. Rådet skal arbeide for utvikling av regionen med særleg vekt på nokre prioriterte satsingsområde.

Rådet skal også vareta interessene til regionen overfor fylke, stat og andre organ på region-, fylkes- og riksplan.

3. ORGANISERING

Hallingtinget er det øvste formelle organet i Regionrådet, med 5 representantar frå kvar kommune, der den eine er ordføraren. Dei andre representantane er leiar/nestleiar av hovudutval/sektorutval og/eller medlemmer av formannskapet.

Ordførarane utgjør Regionrådet for Hallingdal.

Rådmennene i kommunane har møterett på Hallingtinget og blir kalla inn til møta med tale- og forslagsrett.

Desse har utgjord Hallingtinget for perioden 2015 – 2019, fram til kommunevalet

Hol	Ål	Gol	Hemsedal	Nes	Flå
Petter Rukke ordfører	Solveig Vestenfor ordfører	Heidi Granli ordfører	Oddvar Grøthe ordfører	Tore Haraldset ordfører	Tor Egil Buøen ordfører
Sigrid Simensen Ilsøy	Dagfinn Bøygard	Halvor Lilleslett Frå 1.4.2016 Helge Feet	Kjell Erik Skølt	Gerd Jorde	Kristin Gullingsrud
Matias Eide Sataøen	Torleif Dalseide	Svein Eide Frå des. 2016 Leif Norhaug	Olav Støyten	Astrid Brattested	Karsten Ekeren
Petter Braaten	Torhild Helling Bergaplass	Herbrand Jegleim	Maria Jartman	Wenche Marie S. Ulsaker. Frå 1.8.2018 Endre Storhaug	Merete Gandrud
Nina Dalen	Ole Egil Trinrud	Roger Toppen	Petter Owesen	Knut Jakob Larsen	Sigrid Ingeborg Gislerud

Oddvar Grøthe er rådsordfører for perioden og Solveig Vestenfor er varaordfører

Hausten 2019 vart det valt nye representantar til Hallingtinget, for perioden 2019 – 2023

Hol	Ål	Gol	Hemsedal	Nesbyen	Flå
Petter Rukke ordfører	Solveig Vestenfor ordfører	Heidi Granli ordfører	Pål Rørby ordfører	Tore Haraldset ordfører	Merete H.Gandrud ordfører
Hanne Haatuft	Ole Egil Trinrud	Herbrand Jegleim	Petter Owesen	Geir Olav Garthus	Sigrid Hauglann Grimeli
Sigrid Simensen Ilsøy	Tore Bøygard	Leif Norhaug	Helene Sagabråten	Heidi Hovind Sezer	Tor Egil Buøen
Martin Grøslandsbråten	Anne Vetteren Grøthe	Tom Rune S Blakkestad	Andreas Smith- Erichsen	Bård Heio	Geir Vidme
Nina Dalen	Jørund Li	Kristin Bakke Haugen	Norunn Rivedal	Linda Støvik	Sigrid Ingeborg Gislerud

Solveig Vestenfor er rådsordfører for perioden og Pål Rørby er varaordfører



Avtroppende og påtroppende regionråd

4. MØTER/SAKER

I 2019 var det 2 møte i Hallingtinget og 10 saker vart handsama. Regionrådet hadde 10 møter og handsama 69 saker.



Hallingtinget på Fausko Gjestegard 3.5.2019



Hallingtinget på Geilo, Vestlia Resort 1.11.2019

5. EINSKILDE SAKER

Av større enkeltsaker som Regionrådet har arbeida med i 2019:

5.1 Strategisk plan for Hallingdal

I sak 04/17, 28.april 2017, vedtok Hallingtinget [Strategisk plan for Hallingdal 2017 – 2020](#) med innsatsområder.

I sak 03/19 vedtok Hallingtinget [handlingsprogram 2019 til Strategisk plan for Hallingdal](#).

Regionrådet vil starte arbeidet med ny strategisk plan 2021 – 2024, i byrjinga av 2020.




5.2 Viken - Hallingdal

Hallingtinget og Regionrådet har ved fleire høve dei seinare åra drøfta regionreforma.

Frå 2020 vil det vera 11 fylker inkludert Oslo. Hallingdal blir ein del av Viken fylke, som i hovudsak blir ei samanslåing av Buskerud, Akershus og Østfold.

Viken i tall:

- I Akershus, Østfold og Buskerud er det i dag til saman 61 kommunar, av desse har 17 kommunar under 5000 innbyggjarar.
- I Viken vil det frå 2020 være 49 kommunar.
- Samla er det 74 vidaregåande skular i Akershus, Østfold og Buskerud, der 58 er drivi i fylkeskommunal regi.
- Til saman vil Viken bestå av 1,2 millionar innbyggjarar



I samband med etablering av Viken fylkeskommune har Regionrådet for Hallingdal ivra for at ordninga med partnerskapsavtaler mellom fylkeskommunen og regionråd/kommuneregionar skal vidareførast etter nokolunde tilsvarande modell som har vore i Buskerud. Ut frå vedtak i fellesnemnda vil det bli ein realitet.

I Viken har det vore gjennomført eit arbeid for å vurdere funksjonelle regionar og regionråd. Dette har sin bakgrunn i at fellesnemnda for Viken fylkeskommune har vedtatt prosess for utarbeiding av regional planstrategi for det nye fylket. Planprosessen stiller krav til meir kunnskap om framtidig inndeling av Viken i faste kommuneregioner og regionråda sin rolle som samarbeidsorgan mot fylkeskommunen. I denne samanheng har Regionrådet for Hallingdal vore klare på at Hallingdal er ein tydeleg definert region, som også vil vera naturleg i Viken fylkeskommune.

I NIVI Rapport 2019:3 «Kommuneregioner og regionråd i Viken» som er gjort på oppdrag for Viken står det m.a.:

Hallingdal er bra for Viken

Det er gjennomført dialogmøte med regionrådet og rådmannsgruppen. Regionrådet for Hallingdal og Hallingdalstinget er blant de kommuneregioner i Viken som klarest uttrykker sitt regionale samhold og sine forventninger til den nye fylkeskommunen.

Som en generell holdning vektlegges at Hallingdal har sterke samarbeidstradisjoner og store utviklingsmuligheter som kan forsterkes i samarbeidet med Viken fylkeskommune. Det framheves at Hallingdal har gode erfaringer med et tett og nært samarbeid om regional utvikling og tjenesteproduksjon med Buskerud fylkeskommune. Kommunene i Hallingdal forventer at Viken fylkeskommune formulerer mål om skreddersøm og tilpasning av regionale planer og strategier til Hallingdals muligheter og fortrinn.

Hallingdal ønsker politisk dialog mellom likeverdige parter, som innebærer følgende:

- 1. Vilje i Viken fylkeskommune til desentralisering og forsterket regionalt selvstyre i Hallingdal. Viken forventes å investere i Hallingdalsstrategiene. Viken må også være med å bygge opp kompetanse og virkemidler for å sikre en balansert og bærekraftig utvikling i Hallingdal.*
- 2. Gjennomslag for Vikenstrategier i Hallingdalskommunene, som betyr at det må bygges politisk tillit og forståelse mellom fylkestinget i Viken og kommunestyrene i Hallingdal. Det hevedes at det ikke er den geografiske avstanden som er hovedutfordringen, men den politiske og den folkelige oppfatning av økte avstander og mindre påvirkningsmuligheter i et mye større fylke. For å motvirke politisk avstand og marginalisering av distriktskommuner i Viken vil det være viktig å forsterke den politiske samhandlingen mellom kommunepolitikere og fylkestingspolitikere, slik tradisjonen har vært i Buskerud før dannelsen av Viken.*

Eit konkret tiltak har m.a. vore eit avdelingskontor (utviklingskontor/innovasjonskontor) i Hallingdal.

I [sak 54/17](#) gjorde Regionrådet for Hallingdal slikt vedtak:

- Regionrådet for Hallingdal inviterer Buskerud fylkeskommune til å være med i et prosjekt som har som mål å klargjøre Hallingdal sine muligheter og utfordringer, i samband med prosess for etablering av Viken fylkeskommune.
- Regionrådet for Hallingdal ynskjer ei politisk styringsgruppe representert med Regionrådet for Hallingdal og representantar fellesnemda til Buskerud fylkeskommune.
- Regionrådet for Hallingdal vil setje av administrative ressursar til arbeidet og håpar Buskerud fylkeskommune og kan gjere det same.
- Regionrådet for Hallingdal ynskjer at arbeidet kan setjast i gang snarast mogeleg.

I brev dat. 25.01.2018 seier Buskerud fylkeskommune:

«Vi ser meget positivt på vedtaket som er gjort i regionrådet og stiller både i en politisk styringsgruppe og setter av adm.ressurser til prosjektet.»

Regionrådet for Hallingdal har følgd prosessane i Viken og arbeidar med tilnærminga eit utviklingskontor/innovasjonskontor i Hallingdal. Kva rolle/oppgåver kan/vil Hallingdal ta som region i Viken fylkeskommune? Dette er eit arbeid som har vore prioritert i 2019. Regionrådet utarbeidde i 2019 ein rapport (dat. 1.6.2019) som synleggjer Hallingdal si tilnærming.

Grunnlag for løysing med avdelingskontor (utviklingskontor/innovasjonskontor) er at Viken blir ein geografisk stor region, med variasjonar i dimensjonar som geografi, befolkning, natur, kultur og næringssamansetning. Dette er eit mangfald som kan vera ei styrke for Viken, med ei bevisst og god tilnærming til kva mogelegheiter som blir gjeve til dette mangfaldet.

Viken skal serve ein region med store forskjellar, ulike mogelegheiter, men med eit betydeleg vekstpotensial. Det er heilt sentralt at Viken legg til rette for vekst i alle delar av regionen. Dette vil krevja særeigen kunnskap om kva rammer som gjev dei beste føresetnadane for tenesteproduksjon tilpassa bymessige strøk og for distrikta. Ein føresetnad for regionreforma er nettopp å legge til rette for positiv samfunnsutvikling i alle delar av landet, ut frå regionale fortrinn, føresetnadar og prioriteringar. Regionreforma sin ambisjon om å forsterke fylkeskommunen sin rolle som samfunnsutviklingsaktør vil måtte utfordre på organisering og løysingar. Ei oppskalering utan å tenkje nytt vil vera lite framtidsretta og fornyande.

Oppgåvene som skal løysast bør leggst så nær innbyggjarane og næringslivet som mogeleg, og på eit nivå som sikrar ein god og kostnadseffektiv oppgåveløysing. Det å ta i bruk den kunnskapen som dei ulike delane av fylket har og utnytte digital teknologi, blir heilt sentralt for at Viken skal lykkast i utviklinga av den nye regionen og i produksjonen av relevante tenester. Det bør også vera eit mål å følgje opp intensjonane som ligg i «Retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon». Sjølv om dette gjeld statlege arbeidsplassar kan intensjonane også overførast til eit regionalt nivå. M.a. i forhold til ei fordeling av arbeidsplassar som bidreg til å utvikle robuste arbeidsmarknader i alle delar av fylke.

Problemstillingar som blir teke opp var:

- Kva rolle/oppgåver kan Hallingdal ta på seg for Viken fylkeskommune?
- Er det oppgåver det kan vera naturleg at Hallingdal løyser for eigen region?

Hovudargumenta for tilnærminga var:

- Kompetanse og tenester til Viken med utgangspunkt kunnskap, aktivitet, marknad, brukarar.
- Redusere avstand i kunnskap og haldning/forståing i ein stor og mangfaldig region
- Arbeidsplassar

Regionrådet for Hallingdal ser svært positivt på vedtak i fellesnemnda i Viken vedr. tilleggsforslag sak 97/19, Nye arbeidsformer - piloter og caser, med desentraliserte arbeidsplasser, der Hallingdal er trekt fram som ein aktuell pilot. I vedtak står det og: *Fellesnemnda ber også det nye fylkesrådet gå i dialog med aktørene som har allerede har henvendt seg for å kunne være vertskap for slike arbeidsplasser.* Regionrådet vil følgje opp denne saka i 2020.

5.3 Samferdsel

Generelt

Samferdsel har vore og er framleis ei prioritert oppgåve. Arbeid som har kravd ressursar har i fyrste rekkje vore i forhold til Nasjonal Transportplan (NTP) som vart vedteken i Stortinget juni 2017. I dette arbeidet er hovudvegane gjennom Hallingdal og Bergensbanen viktige tema.

Hallingtinget står fast ved tidlegare prioriteringar i forhold til vegar:

- Standardheving av vegar som til dels er sterkt nedkøyrt
- Vegpakke Hallingdal, strekninga Ørgenvika – Gol
- Ny vegløyning Rv.52 Gol – Robru
- Utbygging av E16 Sandvika – Hønefoss
- Styrke vinterregulariteten på fjelloverganger
- E16, Nymoen – Eggemoen - Olum

Nasjonal transportplan (NTP) er det store verktøyet for langsiktig prioritering og samferdselssatsing. Den formelle planperioden er no utvida frå 10 til 12 år, og det er lagt eit perspektiv mot 2050. NTP 2018 – 2029 vart handsama i [Stortinget 19.6.2017](#), med bakgrunn

i [innstilling frå transport- og kommunikasjonskomiteen](#) om Nasjonal transportplan 2018–2029 12. juni 2017. Arbeidet med NTP 2022 – 2033 er no i full gang.

Prosess med Nasjonal Transportplan er no ein del endra frå tidlegare, der transportetatane kom med eit omfattande grunnlagsdokument til NTP, med sine forslag til prioriteringar. Med bakgrunn i grunnlagsdokumentet som var ute på høyring utarbeida regjeringa stortingsmelding i høve til NTP.

Arbeidet med NTP er no i større grad ein politisk prosess der Samferdselsdepartementet (SD) har teke ein ny og tydelegare rolle i NTP-arbeidet.

SD vil utarbeide ein meir strategisk og overordna Nasjonal transportplan, der det blir lagt vekt på samfunnsøkonomisk lønsemd og måloppnåing. I ei overordna og langsiktig planlegging er det lagt til grunn at dei viktigaste utfordringane blir handtert fyrst. For dei siste seks åra i planperioden ynskjer SD ikkje innspel på konkrete prosjekt og tiltak. SD har varsla at dei kjem til å vera meir tilbakehaldne enn tidlegare med å bestemme konkret tiltak som ligg langt fram i tid. Det er her ynskjeleg med innspel på langsiktige satsingsområder framfor ei liste av utbyggingsprosjekt. I fyrste seksårsperiode ber departementet om prioriteringa på konkrete prosjekt og tiltak, samtidig som at planen også for denne perioden blir lyfta til eit meir strategisk og overordna nivå. Det er svært mange prosjekt som allereie ligg inne i NTP 2018-29. Det er derfor lite handlingsrom for nye tiltak dei komande 10 åra, med mindre prosjekt blir teke ut for å gi plass til nye løysingar.

Transportetatane har i løpet av planprosessen fått fleire deloppdrag. Svara på deloppdraga vil samla utgjera etatane sine faglege innspel til stortingsmeldinga om NTP. I [brev frå SD 25.11.2019](#) har transportetatane fått i oppdrag å foreslå prioriteringar av all ressursbruk i perioden 2022-2033. Frist for levering av svar er 13. mars 2020.

SD har og invitert fylkeskommunane, dei største bykommunane og Sametinget til å koma med innspel til arbeidet.

Stortingsmeldinga om ny Nasjonal transportplan vert lagt fram våren 2021.

Vegpakke Hallingdal

I Meld. St. 33 (2016 – 2017) Nasjonal transportplan 2018 – 2029 var ikkje Vegpakke Hallingdal nemnt med eit ord. Frå april 2017 til handsaming i transport- og kommunikasjonskomiteen juni 2017 vart det arbeidd aktivt for å få inn formuleringar i forhold til Vegpakke Hallingdal. Det vart lagt inn følgjande ordlyd frå fleirtalet:

"Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Høyre, Fremskrittspartiet, Kristelig Folkeparti og Venstre, viser til at rv. 7 har fått en betydelig standardheving på noen strekninger, med ny vei vest for Hønefoss (Ramsrudhellingane), innkortinga Sokna–Ørgenvika og utbedring vest for Flå. Det gjenstår imidlertid flere partier med lav standard, som skaper store sprang i veistandard og som er ulykkesutsatte. Rv. 7 (Hønefoss–Gol) som det mest trafikkerte øst–vest-sambandet og vil, som en fremtidig hovedvei, trenge ytterligere utbedringer. For å oppnå en gjennomgående og høyere standard, vil lengre strekninger vurderes i sammenheng. Som første trinn er Ørgenvika–Gol (Vegpakke Hallingdal) prioritert, der det vil bli vurdert utbyggingsrekkefølge, alternative finansieringsløsninger og utbyggingsformer.»

Dette gjorde sitt til at det kunne arbeidast vidare med Vegpakke Hallingdal, saman med Buskerud fylkeskommune og Statens vegvesen.

16.februar 2018 var fyrste møte i «tre-part» samarbeidet mellom Buskerud fylkeskommune og Statens vegvesen og Regionrådet for Hallingdal. Det er eit mål om å få prioritert Vegpakke Hallingdal i NTP 2022-2033. Det vart bestemt å setja i gang eit planarbeid/utgreiingsarbeid der mellom anna følgjande skal vurderast:

- Heilskapleg plan/utgreiing Rv7 Ørgenvika – Gol
- Dele opp strekninga i delprosjekt
- Kostnadsberekne dei ulike delprosjekt

Prioritering av delprosjektBompengeutgreiingDet er etablert ei prosjektgruppe som er leia av Statens vegvesen. Regionrådet for Hallingdal og Viken fylkeskommune deltek her administrativt. Det skal haldast jamlege møter (2 pr. år) møter mellom Statens vegvesen, Viken fylkeskommune og Regionrådet for Hallingdal. Fylkeskommunen har ansvaret for desse møta. 11.1.2019 «Stormøte» mellom Statens vegvesen, Buskerud fylkeskommune ogRegionrådet for Hallingdal8.4.2019 møte i prosjektgruppa5.11.2019, møte i prosjektgruppa Til dette møte hadde prosjektgruppa fått oversendt utkast «Rv7 Hallingdal, Bompengefinansiering, mulighetsstudie». På møte var det semje om at det var vesentlege manglar ved utkastet som skulle bearbeidast før rapport blir sendt ut på nytt.Det er no heilt avgjerande at arbeidet med Vegpakke Hallingdal heng saman med prosessane i forhold til NTP arbeidet.

Hovudvegsamband aust – vest

I samband med Meld. St. 33 (2016 – 2017) Nasjonal transportplan 2018 – 2029 foreslo regjeringa ei funksjonsdeling mellom Rv52 og Rv7, som seinare vart vedteke i Stortinget. Rv52 skal vera hovudvegsambandet for næringstrafikk mellom Austlandet og Vestlandet. Rv7 skal vera hovudvegsambandet for reiseliv og persontrafikk. Samferdselsdepartementet og Finansdepartementet har gjennomført ei ekstern kvalitetssikring (KS1) av KVVU for Rv.7 over Hardangervidda. Regjeringa vil fram mot neste Nasjonal transportplan (2022 – 2033) arbeide vidare med eit heilskapleg forslag til ambisjonsnivå og prioriteringsrekkefølge for den vidare planlegginga av tiltak på Rv52 og Rv7.

Ringeriksbanen og E16 Sandvika – Hønefoss

Dei siste åra har vore bra år for Ringeriksbanen og E16 Skaret – Hønefoss med tanke på framdrift for realisering. Den positive utviklinga for desse to svært viktig prosjekta, også for Hallingdal, held fram i 2019. Jernbaneverket og Statens vegvesen har i fellesskap utgreidd korleis Ringeriksbanen og E16 Skaret – Hønefoss kan planleggjast og byggast. Forkortinga av Bergensbanen vil gje Bergensbanen ei heilt nødvendig modernisering. Dette er eit viktig tiltak for Ringeriksregionen og som aust-vest samband Oslo-Bergen. Innkortinga av Bergensbanen vil ha enormt mykje å seia for Hallingdal, som den største reiselivsregionen i landet. I tillegg vil Ringeriksbanen ”føre” Hallingdal nærare sentralt austlandsområde, noko som er viktig både i forhold til arbeidsmarknad og rekruttering.

I Meld. St. 33 (2016 – 2017) Nasjonal transportplan 2018 – 2029 er det lagt opp til byggstart i 2021/22 for Ringeriksbanen. Parallelt med bygging av Ringeriksbanen skal det byggast firefelts veg på E16 mellom Skaret og Hønefoss.



E16, Sandvika - Skaret

E16 Sandvika – Skaret - Hønefoss er ein viktig vegparsell for Hallingdal.

E16 Sandvika–Skaret er delt inn i tre delstrekningar:

- Strekninga Wøyen–Bjørum er ferdig utbygd som firefelts motorveg og vart opna i 2009.
- Sandvika–Wøyen, firefelts motorveg vart opna i slutten av 2019.
- Bjørum–Skaret med bygging av 8,4 km ny firefelts motorveg har planlagt oppstart 2021 og ferdig innan utgangen av 2024.
- Skaret–Høgkastet, 8,7 kilometer strekning frå Skaret, vest for Sollihøgda, til Høgkastet, ein drøy kilometer sør for Sundvollen, skal utvidast frå to til fire felt. Planlagt oppstart bygging 2022.
- Høgkastet – Hønefoss er ein del av Fellesprosjektet Ringeriksbanen/E16 i regi av Bane NOR.

20. mai 2019 vart det endelege forslaget til reguleringsplan for fellesprosjektet Ringeriksbanen og E16 oversendt til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Sjølv om Fellesprosjektet Ringeriksbanen og E16 held framdriftsplan i høve til planlagt anleggstart, er det ingen grunn til å sleppe opp på påverkningsarbeidet. Det kan fyrst gjerast når nødvendige vedtak i forhold til finansiering er gjort.

5.4 Livskvalitet

Som hovudmål i Strategisk plan for Hallingdal 2017 – 2020 er det sagt: *Hallingdal skal bli ein meir attraktiv, positiv og produktiv region, der alle har mogelegheit til å leva eit godt liv, som innbyggjar og besøkande.*

Vekst handlar grunnleggjande om eit ynskje om å skapa betre liv for innbyggjarane. Ut frå ei slik tilnærming skal det leggjast vekt på livskvalitet (eit godt liv), som ein del av fundamentet i Strategisk plan for Hallingdal. Våre verdiar; leiken, ekta, fri og frisk kan uttrykkje dette. Livskvalitet handlar om det som gir livet verdi og mening. For nokre er det mest mogeleg fridom, for andre glede, eller utvikling av evner og interesser. Fordi livskvalitetsomgrepet reiser spørsmålet om kva som er verdifullt i seg sjølv, råkar det politikkenes kjerne: å legge til rette for at innbyggjarane kan leva gode liv. I fleire land er dette eit dagsaktuelt tema, der Norge ikkje har vore i fremste rekkje, men det er no sett i gang eit arbeid for å få betre informasjon om korleis menneske i Norge har det - med hovudvekt på innbyggjarane sine eigne vurderingar og opplevingar.

Innbyggjarane sin livskvalitet er ein av våre viktigaste ressursar. Med bakgrunn i Strategisk plan for Hallingdal kan livskvalitet seiast å ha tre dimensjonar: Grunnlaget for eit godt liv, ein vekstskapar, omdøme - rekruttering og besøkande.

I handlingsprogrammet til strategisk plan er eit tiltak «Leva i Hallingdal», som gjennom ei interkommunal satsing skal synleggjera kva gevinstar som kan oppnåast for regionen ved å vektlegge trivsel og livskvalitet for innbyggjarar og besøkande. Det skal i samarbeid med nasjonale institusjonar gjennomførast ei befolkningsundersøking og lagast ein plan for regelmessig undersøking av trivsel og livskvalitet i Hallingdal.

Gjennom dette arbeidet skal Hallingdal styrke sitt omdømme, som ein region som set folk fyrst (fyrste i Norge med bevisst haldning og plan til livskvalitet).

Regionrådet for Hallingdal kom i 2017 i dialog med m.a. Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet for å vurdere Hallingdal som ein pilot i nasjonal samanheng, med bakgrunn i at livskvalitet og måling av livskvalitet kunne bli ei nasjonal satsing. Det har vore ein grundig ein prosess med Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet ut frå det arbeidet som var i gang med i forhold til temaet Livskvalitet. Ut frå dette satsa Hallingdal på å bli ein pilot i Norge i forhold til måling av Livskvalitet.

Dette passa og godt inn i høve til Stortingert si handsaming (19.04.2018) om eit betre målsystem for livskvalitet, helse og det gode liv i Norge, ut frå behovet for heilskapleg informasjon.

Målesystemet vart lansert av Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet i august 2018, der også [Regionrådet for Hallingdal fekk presentere sine idear](#).

Målesystemet bygger på vitskapelege og politiske strømmingar nasjonalt og internasjonalt, men utvidar også erfaringar frå andre land. Implementering av målesystemet utgjer derfor ein innovasjon både i norsk og internasjonal samanheng og vil bidra til utvikling av heilt ny («den neste») praksis.

Syner og til regjeringa sitt [nyheitsbrev som stadsutvikling](#).

Det er etablert eit samarbeid mellom Regionrådet for Hallingdal, Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet der Hallingdal er ein pilot for utprøving av målesystemet for livskvalitet.

Innbyggjarundersøkinga «Koss har du det?» [vart gjennomført av SSB](#) i april 2019, [der 4000 hallingar vart oppmoda om å svara på undersøkinga](#).

Utgangspunktet var ei webundersøking med ca. 150 spørsmål. Svarprosenten var oppsiktsvekkjande høg samla 53% svar og 63% for dei med kjent epost-adresse.

Hallingdal er med dette den fyrste regionane som har livskvalitet som sentralt kunnskapsgrunnlag, som kan nyttast som styringsverktøy for samfunnsutviklinga. I samarbeid med Folkehelseinstituttet blir det gjort eit analysearbeid som skal nyttast i vidare planlegging, m.a. i samband med Strategisk plan for Hallingdal 2021 – 2024.



5.5 [Norsk Reiselivsfagskole](#)

Fylkestinget i Buskerud fylkeskommune vedtok i handlingsprogram 2016-2019 at «styret ved Fagskolen Tinius Olsen bes utrede mulighetene for knoppskyting fra eksisterende fagskoletilbud på Ringerike, samt etablering av nye fagskole tilbud innen reiseliv og helse og sosialfag lokalisert til Hallingdal og Ringerike.»

Styret i Fagskolen Tinius Olsen vedtok 15.02.16, sak 06/16 å følge opp initiativet i Handlingsprogrammet om å opprette et nytt fagskoletilbud «Reiseliv».

Regionrådet for Hallingdal handsama i sak 39/17, Etablering av reiselivsfagskule.

«Fagskolen Tinius Olsen har arbeidd saman med reiselivsnæringa i Hallingdal for å sjå på etablering av ei reiselivsfagskule. Gjennom undersøkingar og samarbeid med utvalte bedrifter, er det konkludert med at det vil vera store mogelegheiter for å få etablert ei reiselivsfagskule på t.d. Geilo. Det blir no arbeid med ein søknad «Kompetanseutvikling i regionale næringsmiljø», der det er ynskjeleg at Regionrådet for Hallingdal står som søker og er prosjekteigar.»



Ordførar Petter Rukke, Hol kommune og Eirik Hågensen, Rektor Fagskolen Tinius Olsen

Vedtak:

«Regionrådet for Hallingdal vil i samband med søknad om etablering av reiselivsfagskule kunne stå som søker og prosjekteigar til realisering.»

Det var søkt fylkeskommunen om midlar til prosjektet og hovudutvalet for miljø, innovasjon og næring løyvde i sak PS 83/17 eit tilskot på inntil kr 500.000,- til prosjektet.

Knut Arne Gurigard, Regionrådet for Hallingdal er prosjektansvarleg (PA). Prosjektleirollen er tildelt Fagskolen Tinius Olsen, og Jonny Pettersen er utnemnt som prosjekteiar (PL).

Det er etablert følgjande styringsgruppe for prosjektet:

- Knut Arne Gurigard, dagleg leiar Regionrådet Hallingdal (leiar SG)
- Eirik Hågensen, Rektor Fagskolen Tinius Olsen
- Roger Espeli, Direktør Geilogruppen
- Terje Simonsen, Driftsdirektør Bardøla Høyfjellshotell
- Petter Rukke, ordførar Hol Kommune
- Ove Fekene, dagleg leiar Hallingdal opplæringskontor
- Stein Morten Øen, ass fylkesdirektør utdanning i Buskerud fylkeskommune

Formålet er å etablere ei formell høgare yrkesfagleg utdanning, for eksisterande og framtidig arbeidsstyrke i reiselivsnæringa, regionalt (Hallingdal, Buskerud og Fjellnettverket) og nasjonalt.

Fylkestinget i Buskerud fylkeskommune vedtok 13.12.2018 etablering av nytt fagskuletilbod innan reiseliv, lokalisert til Hallingdal, der det og vart vedteke å avsetja 6 mill. kroner i ein treårig prosjektperiode.

I sak 51/18 gjorde Regionrådet for Hallingdal slikt vedtak:

1. *Regionrådet for Hallingdal ser det som svært positivt og viktig, både for næringa og Hallingdal, at det blir etablert ei fagskule for reiseliv på Geilo.*
2. *Regionrådet for Hallingdal oppmodar kommunane i Hallingdal til å vera med på ei finansiering i ein oppstartsfase, med slik fordeling:*
 - a. *Hol kommune kr. 600.000 fordelt over 3 år.*
 - b. *Ål, Gol, Hemsedal, Nes og Flå; kr. 80.000 kvar kommune, fordelt over år 2 og 3.*
3. *Regionrådet nyttar kr. 200.000 frå disposisjonsfondet til finansiering av år.1*
4. *Dagleg leiar får i oppgåve å avklare reiselivsnæringa på Geilo sitt eventuelle økonomiske bidrag til etablering av fagskula.*

I 2019 vart det arbeidd hardt med ein svært ambisiøs målsetting oppstart studietilbod 2019. Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen (NOKUT) gav 23.9.2019 tilsagn om akkreditering av fagskuleutdanningane Reiseliv og opplevelsesutvikling og Hotell- og restaurantdrift ved Fagskolen Tinius Olsen, avdeling Norsk Reiselivsfagskole på Geilo. Ut frå dette vil oppstart Norsk Reiselivsfagskole skje august 2020.

For begge fagskuleutdanningane som gjev 120 studiepoeng, blir det lagt til rette med både stadbasert og nettbaserte samlingar.

Studietilbodet er planlagt gjennomført med to studieretningar der det vil vera eit felles fyrste år og separate studieretningar det andre året. Dei to studieretningane vil vere Hotell og Restaurantledelse, og Reiselivsledelse og Opplevelsesutvikling. Studie kan vera 2 års heiltidsstudie eller 4 års nettstøtta deltidsstudie som kan kombinerast med jobb.

5.6 Breiband Hallingdal

Dei siste åra er det investert mykje i breibandutbygging i Hallingdal, der Hallingdal Kraftnett har stått for store delar av utbygginga, og har til no brukt om lag 260 mill. kroner. I eit samarbeid med Regionrådet for Hallingdal har utbygginga utløyst i underkant av 15 mill. kroner i statlege og fylkeskommunale løyvingar. I 2019 nådde Hallingdal ved Regionrådet fram med sin søknad om midlar til breibandutbygging Hol, Hagafoss – Kvisla kr. 1.500.000, Gol, Øygardane inkl. Robrugol kr. 1.400.000, Hemsedal, Huso – Eikre kr. 500.000.

Utbygging av hovudnettet i Hallingdal er for det meste gjennomført. Det har også vorte gjennomført store prosjekt for å sikre/betre konkurransen i ulike område, til det beste for forbrukar/kunde. Det er gjennom prosjektet avdekka utfordringar og manglar i Telenor sitt koparnett, som det på ulike måtar blitt prøvd løyst.

Sjølv om Hallingdal no har rimeleg god breibanddekning er det klart at framtidige behov og utviklinga i marknaden, vil krevja langt høgare kapasitetar i framtida.

Også ved ei vidare utbygging er det grunn til å tru at det må til eit spleiselag mellom stat, regionale aktørar og kommunar, der marknaden ikkje er drivkraft nok for utbyggingane.

5.7 Hallinghelse

Hallinghelse er ei vidareføring av samhandlingsprosjekt i Hallingdal i perioden 2009 –2014. For å møte krava og dei nye oppgåvene som kommunane får i samband med reforma, er det interkommunale samarbeidet i Hallingdal styrka. Helseforetaket Vestre Viken er også tett involvert. Målsetjinga til Hallinghelse er å initiere og koordinere samarbeidstiltak innan helse og omsorg. Hallinghelse inngår i eller har kontakt med ei rekke interkommunale samarbeidsgrupper på ulike fagfelt.

Ål kommune er vertskommune, teamet er lokalisert på Torpomoen.

I samsvar med kommunestyrevedtaka i 2015 vart det gjennomført ein evalueringsprosess av Hallinghelse våren 2018.

På bakgrunn av evalueringen ble det satt ned en arbeidsgruppe som fikk i mandat:

Arbeidsgruppa skal planleggje ei vidareføring av Hallinghelse til eit kompetansesenter for helse og omsorg i Hallingdal. Arbeidet skal omhandle både organisering, finansiering og aktuelle faglege samarbeidsområde. Arbeidet skal sluttførast innan 1. febr. 2019 og leggjast fram for Hallingtinget våren 2019.

På Hallingtingen 3.mai vart det gjort nokre endringar frå det forslaget arbeidsgruppa la frem. Dette handlet om korleis Hallinghelse skal vera organisert i framtida. Regionrådet i Hallingdal skal vidare i nært samarbeid med rådmannsutvalet i Hallingdal koma med forslag til endeleg organisering av Hallinghelse, dette vil skje i samanheng med prosess som må gjennomførast i samband med ny kommunelov og ulike interkommunale samarbeid i Hallingdal. Dette arbeidet må være gjennomført i løpet av 2022. Fram til dette er avklart blir Hallinghelse organisert som i dag, der Ål kommune er vertskommune. Dei andre forslaga som arbeidsgruppa anbefalte vart samla i ei felles sak med forslag til vedtak som vart handsama i alle kommunestyra våren og sommeren 2019. Alle de 9 kommunestyra gikk inn for forslaget og Hallinghelse vart bestemt vidareført og vidareutvikla.

Hallinghelse har i 2019 fått ca. 4 millionar i statlege tilskotsmidlar.

Skisse organisering av Hallinghelse 1.1.2020 syner alle tiltaka/prosjekta som no skjer i regi av Hallinghelse.



5.8 Hallingdal sjukestugu

Vestre Viken HF ved Ringerike Sykehus (RS) har inngått leieavtale med Ål kommune om leie av 1450 kvm i det nye ”HSS” bygget på Ål. Leigearealet blir nytta til ei 20 sengers intermediær avdeling (IMA) og inneheldt 10 senger til bruk i spesialisthelsetenesta og 10 senger til primærhelsetenesta i

Hallingdalskommunane. Den nye sengeavdelinga er den fyrste av sitt slag i landet og blir følgt nøye frå andre Helseforetak, kommunar og sentrale

styresmakter. Intermediæravdelinga ved Hallingdal sjukestugu gjev gjennom eit spleiselag med helseforetaket eit unikt tilbod til pasientar i Hallingdal.



Det er eit overordna politisk ansvar å sikre at alle innbyggjarar i Hallingdal har eit likeverdig tilbod om tenester frå IMA og Hallingdal sjukestugu. På Hallingtinget 30.10.2017 var det semje om at rådmennene må følgje opp evalueringsrapportane i forhold til aktuelle tiltak og forbetningspunkt, og koma med forslag som grunnlag for ei eventuell revidering av avtale.

Framleis varierar bruken av dei kommunale plassane ved avdelinga mykje og den faglege drifta er enno i utvikling. Kommunane i Hallingdal utnyttar ikkje fullt ut tilbodet som er bygd opp. Dette må ein arbeide vidare med i 2020.

Den samla beleggsprosenten i 2019 var 78 % mot 76 % året før. Samla er måltalet for avdelinga ein beleggsprosent på 82,4.

5.9 Felles rettssenter for Hallingdal

Regionrådet for Hallingdal engasjerte seg sterkt i arbeidet for å etablere eit felles rettssenter for Hallingdal, med samlokalisering av tingrett og jordskifterett.

I sak 57/15 gjorde Regionrådet for Hallingdal slikt vedtak:

«Regionrådet for Hallingdal ynskjer etablering av felles rettssenter for Hallingdal. Regionrådet ser det som svært viktig i det vidare arbeidet, at Hallingdal står samla, og støttar etablering av felles rettssenter i Nesbyen. Dette er og i tråd med tilråding frå Hallingdal tingrett og Øvre Buskerud jordskifterett om samlokalisering ved dagens tinghus i Nesbyen.»

Domstolsadministrasjonen hadde i utgangspunkt eit klart ynskje om fjerne tingretten frå Hallingdal. Det vart i denne fasen gjort ei godt arbeidd mot Stortinget frå mange.

Ut frå klare statlege signal utarbeide Nes kommune i 2016 skisseprosjekt for ombygging av Tinghuset, og det var diverse rundar mellom Nes kommune og Domstolsadministrasjonen (DA) i høve til m.a. romprogram, kostnader husleige og leigeperiode.

Etter fleire rundar med nedturar og oppturar i 2016 og 2017 vart intensjonsavtale mellom DA og Nes kommune signert i 2018. Bygging av felles rettssenter for Hallingdal starta i 2019 og opning er planlagt sommaren 2020.

Denne saka saka er kanskje litt på sida i forhold til årsmelding 2019 men er teke med som eit glimrande eksempel på interkommunalt samarbeid, som har sikra ei statleg lokalisering av tenester og arbeidsplassar i Hallingdal.



5.10 Felles forliksråd


Eventuelt felles forliksråd for Hallingdal har vore drøfta fleire gonger i Regionrådet for Hallingdal, m.a. i [sak 09/17](#). I sak 17/19 var leiarane i forliksråda i Hallingdal og for namsmannen invitert til å orientere om og drøfte framtidig organisering av forliksråd i Hallingdal. Det vart gjort slikt vedtak:

1. Med bakgrunn i drøfting med leiarar i Forliksråda i Hallingdal vil Regionrådet for Hallingdal oppmode forliksråda i samarbeid med politiet om å setja i gang eit arbeid med å vurdere felles forliksråd for kommunane i Hallingdal.
2. Framdrift i arbeidet bør vera slik at event. felles forliksråd kan bli etablert i samband med neste val av forliksråd, 2020.

5.11 Barnehus, satellitt

Regionrådet har ved fleire høve drøfta Statens Barnehus og om det kan vera aktuelt å vurdere barnehus for ein mindre region, for å redusere avstandsulemper, som kan vera ei stor belastning. Barnehuset i Sandefjord dekkjer Buskerud.

Statens barnehus er en tverrfaglig virksomhet som skal bidra til at barn og særlig sårbare personer som kan ha vært utsatt for, eller kan ha vært vitne til vold eller seksuelle overgrep blir møtt med et helhetlig tilbud. Barnehuset skal tilrettelegge for at disse personene tilbys tilrettelagt avhør, medisinske undersøkelser, nødvendig oppfølging og behandling innen nærmere angitte rammer, samt ivareta koordinering av tverrfaglig og tverretattlig samhandling.



Problemstilling Hallingdal:

1. Er Hallingdal i ein situasjon der me kan hevde å koma dårleg ut i forhold til reisetid til barnehus, og at dette fører til ei stor meirbelastning for dei det gjeld?
2. Kjem Hallingdal dårleg ut i forhold til reisetid til barnehus samanlikna med andre regionar i Norge?
3. Kva kan vera aktuelle løysingar?

Politidirektoratet har sett i gang ei større evaluering av barnehusa som skal vera ferdig i slutten av 2020.

Det blir arbeid for å sjå på løysingar i samarbeid med barnehuset i Sandefjord for å få til ein «satellitt» i Hallingdal

5.12 Politikontakt

Regionrådet for Hallingdal har overfor leiinga Sør-Øst politidistrikt uttrykt sterk uro for korleis ordninga med politikontakt i Hallingdal blir løyst. I samband med politireforma vart det det gjeve politiske lovnadar om 100% politikontakt i kvar kommune. I ettertid såg ein at dette ville teke uforsvarleg mykje ressursar i politidistriktet. I 2019 kom det på plass ein felles politikontakt i 100% stilling for kommunane i Hallingdal

5.13 «Toppidretsregion Hallingdal»

I 2019 etablerte Regionrådet og Olympiatoppen Sørøst eit samarbeid om tilrettelegging for toppidrett i Hallingdal.

Olympiatoppen Sørøst meiner at det i Hallingdal er ein unik mogelegheit til å samarbeide på tvers av dei tre vidaregåande skulane og utvikle gode løysingar i forhold til å kombinere yrkesfag og toppidrett. Det kan skapast sterke treningsmiljø og utvikle modellar som gjer det både attraktivt og mogeleg å gjennomføre vidaregåande skule både på Gol og på Ål.

Gjennom kartlegging og igangsetting av tiltak i eit forprosjekt, er det vidare målet å legge til rette slik at det er attraktive vidaregåande skuletilbod, mogelegheiter for høgare utdanning eller jobbmogelegheiter i kombinasjon med ei toppidrettssatsing.

Det er i regi av Olympiatoppen Sørøst etablert eit eige forprosjekt «Toppidretsregion Hallingdal».

5.14 Hallingbussen

Ein tidleg morgonavgang frå Hallingdal til Oslo, med buss eller tog, er heilt avgjerande for at Hallingdal skal ha eit reelt kollektivtilbod, i forhold til dagsturar.

Etablert prøveperiode med Hallingbussen vart gjennomført for 2017. I samband med budsjettet for 2018 gjorde fylkestinget slikt vedtak: *Hallingbussen støttes med kr 820.000,- kroner til vidare drift i 2018. Fylkestinget ber om at det settes i gang et samarbeidsprosjekt med regionrådet og næringslivet i Hallingdal for å kartlegge det reelle behovet for kollektivtrafikk.*

I samband med budsjetthandsaming for 2019 gjorde fylkestinget slikt vedtak:

Hallingbussen finansieres gjennom økt ramme til kollektiv. I 2019 avsettes 1 million kr til å dekke drift. Fra 2020 dekkes 1 million kr til direktekjøp av Hallingbussen som en fast årlig ordning.



5.15 Rekruttering til Hallingdal

I mange samanhengar og i mange fora blir det drøfta og etterlyst felles strategiar og felles handlingar, for at Hallingdal skal møte framtida på best mogeleg måte. Dette er og tema som er sentrale i Strategisk plan for Hallingdal, og som Regionrådet for Hallingdal har høgt på dagsorden direkte og indirekte.

Hallingdal er ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion, der det m.a. blir arbeidd på mange arenaer for å sikre stabil arbeidskraft. For å møte desse utfordringane blir det arbeidd med løysingar på tvers av kommunegrensene og styrking av samarbeidet både i privat og offentleg sektor. I denne samanheng er satsing på ungdom ein av dei viktigaste strategiane.


Regionrådet har rekruttering til Hallingdal som et prioritert arbeidsområde. I denne samanheng er det fleire tiltak/prosjekt som støttar opp om ei slik satsing, som:

- Ungt Entreprenørskap
- Yrkesmessa
- Hallingtreff
- Hallingdal Ungdomsråd

[Jobb i Hallingdal](#)

Etter tre års drift har Facebook sida «Jobb i Hallingdal» ca. 2500 relevante følgjarar. Sida er godt etablert og er mykje brukt både av lokalt næringsliv og arbeidssøkande i og til regionen vår. Sida er eigd og blir drifta av Regionrådet for Hallingdal. Målet med sida er å gjera det enkelt for alle som leitar etter jobb i Hallingdal, å få oversikt over kva som finns av ledige stillingar. På sida blir det samla ledige stillingar frå Finn, NAV, kommunale nettsider og andre relevante stader, slik at dei som er på jakt etter jobb i Hallingdal, skal finne fram på ein enkel måte.

Sida formidlar også CV og ei helsing frå dei som er på jakt etter arbeid. Sida er godt kjent i Hallingdal og ein naturleg kanal for ledige stillingar.



Løysinga er «manuell» og er ikkje ei framtidsretta løysing. Det blir derfor vurdert andre løysingar for å skapa «møteplassen» mellom arbeidssøkjar og arbeidsgjevar, i Hallingdal.

Det er folka som teller

"Det er folka som teller» er ei satsing på rekruttering av arbeidskraft til Hallingdal, som blir etablert som eit prosjekt og som skal gå over til fast drift. Det skal etablerast eit samarbeid mellom det private næringslivet og det offentlege, som har som målsetting å marknadsføre og spegle ledige stillingar i Hallingdal, på ein langt betre måte enn det som er mogeleg i dag. Det skal også etablerast løysingar slik at personar som ser på Hallingdal som framtidig arbeidsplass kan marknadsføre seg. Ut frå dei prosessar som har vore vil prosjektet gjennomføre to konkrete tiltak:

- Etablering av ein digital «møteplass» for arbeidsgjevar, arbeidssøkjar, personar som ser på Hallingdal som framtidig arbeidsplass, sommarjobbar, gjennomføring av studentoppgåver i Hallingdal.
- Etablere eit system for felles annonsering og marknadsføring av ledige jobbar i Hallingdal.



Tidlegare Buskerud fylkeskommune har løyvd kr. 525.000 til prosjektet

Yrkesmessa 2020

Yrkesmessa for Hallingdal i regi av Regionrådet for Hallingdal, har vore arrangert ca. annan kvart år sidan 2000. Yrkesmessa er eit tilbod til alle 9. og 10.klasse elevar og vg1-elevar og vg2 elevar ved dei vidaregåande skulane i Hallingdal, totalt ca. 1100 elevar.

Planlegging av yrkesmessa 2020, som skal gjennomførast 8 og 9. januar er gjort av ei eigen prosjektgruppe, der Regionrådet for Hallingdal i samarbeid med Hallingdal Næringshage er prosjektleiar.

Målet med yrkesmessa er å:

- Gje ei samla heilskapleg oversikt over utdanningsvegar og fagopplæringstilbod, samt yrkestilbod som er i Hallingdal.
- Informere og bevisstgjere elevane om dei val dei kan, eller må gjere i forhold til sine interesser og ynskjer.
- I tillegg er yrkesmessa eit arrangement der ulike bedrifter og opplæringskontor møtes, noko bedriftene set pris på.

5.16 [Kva skjer](#)

Hallingdal sin felles aktivitetsskalender vart lansert hausten 2014. Før dette hadde Hallingdal ikkje hatt noko felles verktøy som synleggjorde kva som skjer i regionen vår. Regionrådet tok initiativ til å etablere aktivitetsskalender på nett, for heile Hallingdal. Her er det oversikt over alle aktivitetar i heile regionen og det kan registrerast eigne aktivitetar. Målet er enklare oversikt over det som skjer i Hallingdal, betre marknadsføring, høgare besøkstal og betre styring på arrangement i regionen. Gjennom 2019 har det vore arbeid for å gjera kalenderen meir attraktiv og synleg.



5.17 Hallingdal ungdomsråd (HUR)

I 2009 drøfta og støtta Hallingtinget oppretting av eit regionalt ungdomsråd med bakgrunn i ynskje frå dei kommunale ungdomsråda. I sak 44/09 gjorde Regionrådet vedtak om å støtte opprettinga av Hallingdal Ungdomsråd (HUR). Regionrådet rådde og til at rådet sitt årlege budsjett blir styrka med eit årleg beløp til drift av HUR, noko som no er ein del av budsjettet til Regionrådet.



HUR består av to representantar frå kvar kommune i Hallingdal. Dette er svært aktive ungdommar som i 2019 spesielt har engasjerer seg i utdanning, helse, miljø og bulyst for born og unge i Hallingdal. HUR er eit viktig organ for rekruttering og profilering av Hallingdal. HUR har årleg møte med Regionrådet. I 2019 hadde HUR 6 møter. Prosjektleiar i Regionrådet er sekretær for ungdomsrådet.



5.18 Hallingdal Fotballklubb

For 2019 har det vore eigen samarbeidsavtale (sponsoravtale) mellom Hallingdal Fotballklubb (HFK) og Hallingdal representert ved Hallingdal Kraftnett og Regionrådet for Hallingdal. Avtala blir vidareført i 2020.

5.19 Hallingabassadørar

I desember 2017 vart andre pulje Hallingambassadørar lansert. 12 ungdommar som har hatt ei avtale i 2 år. Hallingambassadørar er ungdom frå Hallingdal, som utmerkar seg og skapar positiv merksemd om Hallingdal i og utanfor regionen. Det er ikkje nok med ein flott prestasjon, det må også koma tydeleg fram at regionseljaren er stolt over eigen stad. Hallingambassadøren skal og vera gode førebilete for andre ungdommar. I tillegg er utnemning til Hallingambassadør ei påskjønning.

Hallingdal treng ungdom, Hallingdal treng arbeidskraft, Hallingdal er avhengig av folk som vil besøke oss. Alle i Hallingdal vil kunne vera «seljarar» av regionen, men me treng større bevisstheit og motivasjon for at me faktisk er ambassadørar av eigen stad.

5.20 Hyttemessa

Kvart år blir det arrangert ei stor hyttemesse på Exporama Senteret på Hellerudsletta, utanfor Oslo. Hallingdal har i alle år vore godt representert, men ikkje stått samla. I framkant av messa våren 2015 tok Regionrådet ved Hallingdal 2020 initiativ til at Hallingdal skulle stå samla, etter førespurnad frå næringa. Hallingdal vart med dette ein av dei verkeleg store aktørane under messedagane og fekk stor merksemd. Våren 2019 var Hallingdal også samla og denne gongen endå sterkare og meir synleg. Hallingdal har her skapt seg eit viktig ansikt utover og møter eit viktig publikum, hyttehallingen.



5.21 Reiselivet

Turistnæringa er ei av dei viktigste næringane i Hallingdal, og er eit satsingsområde for alle kommunane i regionen. Ut frå dette er og turistnæringa eit prioritert innsatsområde for Regionrådet for Hallingdal. På felles møte for reiselivsnæringa i Hallingdal 7.mai 2019 vart det uttrykt ynskje om eit samarbeidsforum for destinasjonane i Hallingdal. Forumet har hatt 3 møter i 2019, der prosjektleiar i Regionrådet har organisert møta. Arbeid i forumet har i 2019 resultert i ma.:

- Søknad til Innovasjon Norge og Viken fylkeskommune om støtte til oppstart med Hallingdal som Bærekraftig reisemål.
- Tråkk'n'Roll Hallingdal har vorte stifta som eit SA
- Arrangementskalenderen kvaskjer.hallingdal.no har fått ny layout
- Destinasjonane har gått saman om ein representant frå Hallingdal inn i arbeidsgruppa for reiselivet i Viken
- [Langrenn i Hallingdal](#) er avslutta som prosjekt, men samarbeidet om Hallingdal som langrennsdestinasjon fortsett.

Bærekraftig reisemål

Det har vore sporadiske drøftingar for å vurdere ei sterkare satsing i Hallingdal, som bærekraftig reisemål. På felles møte for reiselivsnæringa i Hallingdal 7.mai 2019 (innovasjonslab) vart bærekraftig reisemål løfta fram som ei satsing/tiltak som burde

avklarast nærare. I fellesmøte 20. mai mellom alle destinasjonane og Regionrådet for Hallingdal, kom det til uttrykk eit klart ynskje om at tida er moden for å vurdere korleis Hallingdal kan gå vidare i forhold til arbeidet med bærekraftige reisemål. I regionrådsmøte 29. november 2019 var det støtte frå ordførarar og rådmenn i Hallingdal om at vidare arbeid med bærekraftig reisemål vil vera svært positivt for Hallingdal. Geilo mottok i 2016 merket som bærekraftig reisemål og har gått føre som eit godt eksempel. Flå er i prosess med Norefjell. Ål, Gol, Nesbyen og Hemsedal har no søkt om støtte for å starte ein felles prosess mot merke for Bærekraftig reisemål. Regionrådet er prosjekteigar og har det overordna prosjektleiaransvaret.

Tråkk`N`Roll

I 2019 vart

Tråkk`n`Roll SA stifta og er eigd av alle 6 destinasjonane.

Kollektivet har som mål å skape vekst i regionen gjennom utvikling av terrengsykling som bærekraftig verdiskapat.

Tråkk`n`Roll har sida 2015 arbeid for å etablere regional satsing på terrengsykling i heile



Hallingdal. Gjennom prosessen har det vorte utvikla strategi og masterplanar, samt bidrag til etablering av landets leiande stibbyggarnæring. Etter kvart som utviklinga av nye stigar og arenaer har tatt fart i regionen skal Tråkk`n`Roll sikre at den framtidige utviklinga skjer på ein bærekraftig og trygg måte, og at heile Hallingdal står samla i konkurransen med andre destinasjonar i Noreg og utlandet. Tråkk`n`Roll skal vera pådrivar for ein levande terrengsykkelkultur i Hallingdal, styrke servicetilbodet for syklistar, samt bidra til aktivering og marknadsføring av sykling i Hallingdal. Målet for Tråkk`n`Roll SA er å bygge framtidens terrengsykkelregion, som sett ny standard i Skandinavia. Satsinga har vorte til gjennom grundig forarbeid, fokus på kvalitet og kompetanse, samt ein eineståande regional laginnsats, der Regionrådet for Hallingdal har vore ein viktig aktør.

5.22 Partnerskapsavtale med Buskerud fylkeskommune

Buskerud fylkeskommune har sidan 2004 hatt ei partnerskapsavtale og gjennomføringsavtale med regionråda i Buskerud. Med bakgrunn i endring i fordeling og storleik av statlege regionale utviklingsmidlar (programkategori 13.50), er det ikkje løyvd midlar til partnerskapsavtale etter 2017. Ut frå dette vil partnerskapsmidlar ikkje lenger vera verkemidlar som blir tildelt regionane.

Frå restmidlar for Hallingdal vart det i 2019 løyvd midlar til følgjande tiltak:

- | | | |
|---|-----|---------|
| - Ungt Entreprenørskap | kr. | 300.000 |
| - Yrkesmessa 2020 | kr. | 580.000 |
| - Forprosjekt «Toppidretsregion Hallingdal» | kr. | 300.000 |
| - Livskvalitet Hallingdal | kr. | 600.000 |

5.23 Skjønnsmidlar til omstillingstiltak

For 2019 løyvde fylkesmannen i Oslo og Viken kr. 900.000 i skjønnsmidlar til «SamHall - Interkommunalt samarbeid om kompetanse og innovasjon i Hallingdal»

Kommunane i Hallingdal har livskvalitet som eit sentralt element i sin strategi for utvikling av regionen. Satsinga søker å bidra til innovasjon i alle ledd av kommunal verksemd ved å implementere og evaluere eit nytt, heilskapleg og kvalitetssikra målesystem for livskvalitet. Målesystemet vart lansert av Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet august 2018, der Hallingdal er pilot. Implementering av målesystemet utgjer ein innovasjon både i norsk og internasjonal samanheng og vil bidra til utvikling av heilt ny praksis. Kommunane i Hallingdal vil bli dei fyrste kommunane som innfører livskvalitetsindikatorar som sentralt kunnskapsgrunnlag og styringsverktøy i Norge.

5.24 Fjellnettverket

Fjellnettverket er eit regionalpolitisk samarbeidsnettverk for kommunar, regionråd og fylkeskommunar i Sør-Norge, som arbeidar for levande og livskraftige fjellbygder.

Måla og arbeidsområda for Fjellnettverket er:

- Vera pådrivar for å skapa ein ny fjellpolitikk i Norge og medspelar i norsk regionalpolitikk.
- Kunnskapsformidling om nasjonale og internasjonale tema
- Politikktutforming internasjonalt og deltaking i Euromontana

Fjellnettverket har vore pådrivar for ei ekstra nasjonal satsing for fjellområda, for å styrkje grunnlaget for næringsutvikling og verdiskaping i fjellområda.

Frå 1.4.2016 vart det etablert eit permanent kontor for Fjellnettverket, som no har kontorstad Reiselivssenteret på Geilo.

Fjellnettverket arrangerte i samarbeid med Regionrådet for Hallingdal den årlege [fjellkonferansen](#) på Geilo, 27 – 28 mai. Eit vellykka arrangement med ca. 150 deltakarar.



6. UTTALAR

Hallingtinget har gjeve uttale til følgjande saker i 2019:

- Sak 09-19 Kraftskatteutvalet sin rapport (Kraftskatteutvalet sin rapport er ei avsporing og må forkastast!)

Regionrådet har gjeve uttale til følgjande saker i 2019:

- SAK 09/19 Uttale, planprogram regional plan for lokalisering av tømmerhamn

7. VERV

For valperioden 2019 – 2023, eller når tiltak er avslutta er desse valt:

FORA/TILTAK	MEDLEM	VARA
Rådet til Fjellnettverket	Heidi Granli Pål Rørby	Tore Haraldset Merete H. Gandrud
Styret for Fjellnettverket (kandidat)	Solveig Vestenfor	
Styre for Hallingdal Næringshage	Merete H. Gandrud	
Fagrådet i Hallingdal Etablerersenter	Heidi Granli	
Styre Forum Nye Bergensbanen	Heidi Granli	
Representant til SLT	Petter Rukke Tore Haraldset Merete H. Gandrud	
Styre for Hallingdal Folkehøgskule	Solveig Vestenfor	
Styre IS Rv7	Tore Haraldset	
Arbeidsutval Forum Nye Bergensbanen	Dagleg leiar	
Arbeidsutval Fjellnettverket	Dagleg leiar	
UngInvest AIB avdeling Hallingdal	Pål Rørby	
Styringsgruppe Norsk Reiselivsfagskole	Petter Rukke Knut Arne Gurigard	
Toppidretsregion Hallingdal	Petter Rukke	

8. PERSONELL

Personell knytt til regionrådskontoret pr. 31.12.2019

- Knut Arne Gurigard, dagleg leiar
- Målfrid Dusegard, sekretær
- Knut Jakob Larsen, IKT koordinator
- Linda Dalene Bjerke, prosjektleiar

Dagleg leiar signaliserte i 2019 ynskje om å fråtre som dagleg leiar, etter nesten 25 år i stillinga. I sak 45/19 vedtok Regionrådet for Hallingdal å imøtekoma søknad om å fråtre som dagleg leiar for å gå over i 50% stilling som seniorrådgjevar.

I sak 64/19 vart det gjort vedtak om at Jan Olav Helling blir tilsett som dagleg leiar i Regionrådet for Hallingdal. Helling startar i stillinga etter nærare avtale, seinast 1. april 2020.

9. ØKONOMI

Rekneskapet til Regionrådet for 2019 har eit mindreforbruk (overskot) på kr. 72.182,20
Det var budsjettert med totale driftsutgifter på kr. 2.810.000 og inntekter på kr. 2.810.000 inklusive kr. 600.000 i eigeninnsats på prosjekt.
Disposisjonsfond var 31.12.2019 på kr. 724.584,88.

10. MOGELEGHEITAR OG UTFORDRINGAR

Nasjonale mål for regional- og distriktpolitikken er: «*regional balanse gjennom vekstkraft, likeverdige levekår og berekraftige regionar i heile landet. Ein berekraftig region har ei balansert samansetjing av befolkninga og forvaltar menneskelege ressursar og naturressursar for utvikling og verdiskaping no og i framtida. Dette vil leggje til rette for å halde på hovudtrekka i busetjingsmønsteret.*» (Jf. [Meld. St. 18 \(2016-2017\) Berekraftige byar og sterke distrikt](#)). Med dette som utgangspunkt vil regionale utvikling kunne vurderast ut frå m.a.: følgjande tema:

- Økonomisk vekst og næringsutvikling
- Arbeidsmarknad og kompetanse
- Levekår
- Demografi og befolkningsutvikling
- Natur, klima og miljø


Ein bærekraftig region har ein balansert samansetning av befolkning og forvaltar menneskelege ressursar og naturressursar for utvikling og verdiskaping no og i framtida. I framstilling av utviklingstrekk blir det ofte nytta ei inndeling av landet i bu- og arbeidsmarknadsregionar (BA-regionar), der Hallingdal er ein region av totalt 160. Høg deltaking i arbeidslivet indikera god utnytting av arbeidskraftressursane i ein region, og i landet samla. Sysselsettingsandelen er viktig, både for folk sine mogelegheiter til inntekt og forsørging, og for mogelegheitene for det offentlege til å finansiere velferdsordningar og andre investeringar. Alle fylka har opplevd ein nedgang i sysselsettingsdelen sidan toppen i 2008. Dei 19 BA-regionene med ein sysselsettingsdel på over 70 prosent er spreidd over heile landet, og Hallingdal er ein av dei.

18. oktober 2019 vart Distriktsmeldinga (« Levende lokalsamfunn for fremtiden») lagt fram (Meld. St. 5 (2019-2020)). Med bakgrunn i meldinga vart det oppretta to utval, demografiutvalet og distriktsnæringsutvalet. Desse to utvala skal vurdere og kom med forslag i forhold til det som er av dei største utfordringane for distrikta framover, med kvar sin NOU hausten 2020.

Sjølv om Hallingdal dei seinare åra har hatt ein nokolunde stabilt folketal blir aldersamansetninga eit stadig aukande problem, med auka del eldre og færre i yrkesaktiv alder, i tillegg nedgang i dei yngre aldersgruppene. Og det kan sjå ut som om SSB sin befolkningsframskrivingar i 2018 var for optimistiske, der både fødselstala og innvandring er lågare enn berekna.


Når det gjeld befolkningsutvikling i Hallingdal over tid er det ein viss vekst, der det fyrst og fremst er Hemsedal som har hatt vekst dei seinare åra. Kvart år er det ein flyttestraum ut av Hallingdal, spesielt prega av unge menneske som flytter til byar som Oslo eller Bergen, for å studere. Dei fleste kjem ikkje attende.

Som for dei fleste distriktsregionar, er det innvandring som gjev Hallingdal ei viss positiv befolkningsutvikling.




Når det gjeld utvikling av sysselsetting i privat næringsliv har Hallingdal hatt ein liten auke dei siste 5 åra, noko som ikkje er typisk for distriktsregionar som Hallingdal.

Det kan vera interessant å måle utviklinga av talet på arbeidsplasser i fjellkommunar (77 stk. i Sør-Norge) opp mot utviklinga i resten av landet. Fjellkommunane har hatt en samla utvikling i talet på arbeidsplasser som er 17 prosentpoeng lågare enn resten av landet.



Utvikling i tal arbeidsplasser i offentlig og privat sektor, i fjellkommunar, indeksert og vekta mot den nasjonale indeksen. Nivå i 2000=100. (Kjelde: Telemarkforskning)

Ser me på vekst i verdiskaping kjem og Hallingdal rimelg godt ut, veksten heldt fram i 2017.



Verdiskaping i mill. NOK i privat sektor på virksomhetsnivå (utan finans, olje og sjukehus) Kjelde: Menon (2018)

Det er viktig å understreke at Hallingdal ikkje har alle dei trekka som er typiske for ein distriktsregion, eller dei er ikkje så sterke. Spørsmålet i denne samanheng vil vera kva Hallingdal som region kan gjera for å forsterke dei positive trekka og redusere dei negative. Vekstutsiktene for Norge har vorte svekka dei siste åra. Befolkningsveksten har vorte svakare på grunn av fallande innvandring og lågare fruktbarheit. Dersom denne utviklinga held fram vil det påverke veksten negativt i kommunar og regionar dei neste åra. Dei strukturelle vilkåra for vekst har derfor vorte svakare enn tidlegare. Hallingdal kan til ein viss grad påverke eigen vekst, men det er m.a. avhengig av vekst i arbeidsplassar i næringslivet. I denne samanheng er streke krefter i forhold til urbanisering og sentralisering ei utfordring. Samtidig blir konkurransen hardare, ikkje berre i produktmarknadane, men også i konkurransen om å tiltrekke seg kompetanse, bedrifter og kapital. Sagt på ein annan måte leiar globalisering til stadig større lokaliseringskonkurranse. I denne verkelegheita står

Hallingdal, som dei fleste distriktsregionar, overfor nokre utfordringar, både når det gjeld befolkningsutvikling, næringsstruktur, arbeidsplass-/sysselsettingsutvikling og avstandsulemper.

Nokre av hovudutfordringane kan oppsummerast slik:

- Urbanisering og sentralisering
- Internasjonal, nasjonal og regional lokaliseringskonkurranse
- Internasjonalisering og globalisering av marknader og næringar
- Kunnskapsbasert og innovasjonsdriven næringsutvikling
- Digitalisering av produkt, tenester og kommunikasjonsformer
- Klima

Hallingdal har som dei fleste regionar sterke sider som gjer eller kan utviklast til konkurransefortrinn. På same måte er det svake sider som kan vera ulemper og som gjev utfordringar. Regional utvikling handlar om å skape levedyktige og attraktive lokalsamfunn, kommunar og regionar. Det må være arbeidsplassar, infrastruktur, skuletilbod, fritids- og kulturtilbod med variasjon, mangfald og god kvalitet slik at folk vel regionen, kommunen eller lokalsamfunnet som sin livsarena.

Stikkord for utvikling av Hallingdal kan oppsummerast slik:

- Behalde levande lokalsamfunn
- Oppretthalde folketalet med balanse i alderssamansetning og kjønnsfordeling.
- Å legge til rette for berekraftig næringsutvikling.
- Å synleggjera Hallingdal sine mogelegheiter og behov overfor sentrale styresmakter.
- Å ta vare på det beste i Hallingdal sin kultur og tradisjon.
- Å styrke samarbeidet og bygge nettverk internt og eksternt.
- Å auke kompetansenivået.
- Sikre god kommunikasjon
- Oppretthalde eit godt tenestenivå for næringsliv og innbyggjarar i forhold til statlege tenester

Strategisk plan for Hallingdal vil ta tak i desse utfordringane og har prøvd å setja fokus på omsyn til bulyt/blilyst, arbeidsmarknad, kunnskapsmiljø og næringsliv. Hallingdal sin attraktivitet som buområde og for næringslokalisering skal styrkast.

Ungdommen er den viktigaste ressursen i det framtidige Hallingdal. Me treng ungdom som kan og vil omstille og nyskape ut frå eigen kompetanse og ut frå lokale ressursar og behov. Regionen må arbeide aktivt for å gje ungdommen innsikt og tru på ei framtid i Hallingdal. I denne samanheng er fleire av tiltaka i strategisk plan viktige verktøy.

Profilering av Hallingdal som ein samla region vil kunne få stor verdi i framtida. Også i næringslivssamanheng, ikkje minst innan reiselivet vil dette ha mykje å seia. Overfor fylke og stat og ulike vesen og etatar vil det i mange samanhengar vera ei styrkje å opptre som ein samla region. For at det regionale samarbeidet skal lykkast er det behov for dialog, betre informasjon og synleggjering av kva Regionrådet arbeidar med, både i forhold til det politiske miljøet og Hallingdal generelt.

Sjølv om Korona-pandemien som råka Norge i mars 2020, ikkje er ein del av årsmeldinga er det teke med eit avsnitt. Reiselivsnæringa ser ut til å vera den næringa som på kort sikt blir hardest ramma. Noko som er svært alvorleg for store delar av næringslivet i Hallingdal og med det Hallingdal som region. Hallingdal med tilnærma null i arbeidsløyse før korona vil kunne oppleve arbeidsløyse på 5 -10% over ein lenger periode.

Konsekvensane av korona vil måtte få eit spesielt fokus, kor lenge er umogeleg å seie, men i alle fall 2020-2021.

Viktige saker i 2020 er m.a:

- Arbeid med revidering av Strategisk plan for Hallingdal
- Regional organisering, vidareutvikling av det interkommunale samarbeidet
- Styrke samarbeidet med Viken fylkeskommune, oppfølging av arbeidet med regional planstrategi og partnerskapsavtale med fylkeskommunen.
- Oppfølging av Nasjonal Transportplan 2018 - 2029, med dei konkrete prosjekt som er viktige for Hallingdal. Arbeid i forhold til ny Nasjonal Transportplan 2022 - 2033
- Rekruttering og kompetanseheving
- Livskvalitet
- Følgje opp utfordringar i forhold til næringslivet i Hallingdal
- Oppretthalde eit godt tenestenivå for næringsliv og innbyggjarar i forhold til statlege tenester

For å lykkast er det nødvendig med godt samarbeid på alle nivå, i tillegg til å ha gode alliansepartar.

Hallingdal 31.5.2020

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar